



Talentet Kristian Øvstebø er ein av dei som ser fram til å delta i Norges Cup i heimekommunen.

Når det populære motbakkeløpet Folgefonna Opp vert arrangert for 8. gong den 10.august, vert det som ein del av Norges Friidrettsforbund sin offisielle Norges Cup i motbakkeløp. Løpa i denne cupen er grunnlag for uttak til internasjonale meisterskap, og dermed er det grunn til å tru at heile norgeseliten kjem til å konkurrera i den vakre Mauranger-naturen denne augustdagen.

Folgefonna Opp har gjennom dei 7 åra det har vore arrangert, opparbeidd seg status som eit av dei aller vakraste motbakkeløpa i landet. Tilbakemeldingane både frå tilreisande og lokale deltakarar har vore særst gode. Den gode trasèen i den vakre naturen har hausta mange lovord. Det gode ryet har spreidd seg, og det viser m.a. att i ei fin utvikling i deltakartal. Også i 2018 vart det sett ny deltakarrekord.

Ottar Eide i Folgefonna Opp seier at dei er svært glade for at Uskedal idrettslag har sagt ja til å vera med å arrangera løpet. Han legg til at dei ikkje hadde søkt om tildeling utan dette samarbeidet, og dei ser fram til å arbeida saman.

- Løpemiljøet i Uskedalen har i fleire år vist flott entusiasme rundt arrangementet vårt. I tillegg har dei mange dyktige folk, og dei har sjølv arrangert Solfjelløpet i mange år, rosar han og ser fram til dette samarbeidet på tvers av bygdene. Dei vil og nyta godt av samarbeid med andre og har alt gjort avtale med IL Ternen om lån av tidtakaranlegg.

Den tradisjonsrike Maurangerdagen vil også i år gå som eit eige arrangement same dag som løpet, like ved løypetrasèen. UIL er ikkje involvert i arrangementet av den.

I UIL set dei pris på samarbeidet og ser fram til at vi skal få Norgescup her i kommunen. Dette vil bli særskilt god marknadsføring av området vårt, for 'flottare motbakkeløp finst ikkje'.

Nokre vil kanskje undrast over kvifor dei ikkje har søkt om å få Solfjelløpet inn på Norgescup-lista. Det er ikkje mogeleg på grunn av såpass kort løpstid at det vil skilja lite med så mange skarpskodde deltakarar.

Vi ønskjer arrangørane lukke til med samarbeidet, planlegginga og arrangementet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Jan Øvstebø